



Våren er ei tid der mange har flotte turar i naturen i og rundt bygda vår. Det vert teke utruleg mange flotte bilete som kan marknadsføra bygda vår på ein framifrå måte. Frå ein lesar har eg fått idèen om at vi burde laga ein biletserie som viser mykje av det den flotte bygda vår har å by på, - både her i nærmiljøet og ved turar i skog og fjell, og på sjø rundt Uskedalen. Denne kan leggjast under **BILETGALLERI** i venstre kolonne.

Eg utfordrar alle til bruka kamera flittig. Eg veit det vert gjort, og då er det berre å senda blinkskota til uskedal.utvikling@knett.no. Skriv på kvart bilete kor det er teke, og kven som er fotografen. Ta gjerne med dato for fotograferinga. Ein kan gjerne senda fleire, ja, mange bilete. Dersom responsen er god, håpar vi å laga ein kvalitetsserie med god variasjon og breidde i motiva av eit utval av bileta, - ein flott presentasjon av Uskedalen og området rundt. Bilete som ikkje vert nytta i serien, vil verta presentert som våre populære lesarbilete.

Vi håpar på god respons, og ventar på mange fine bilete inn til uskedal.utvikling@knett.no. Nokre tok sikkert bilete i helga som er klare til innsending.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Audun Eik